

Reguleringsplan for Rv 41 Kvitsund gymnas – Kviteseidkrysset, g/s-veg

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

PlanID 38212022003

Forslagsstillar: Statens vegvesen, Drift og vedlikehaldsdivisjonen

Varsel om oppstart av planarbeid	24.01.2023
Orientering i formannskapsmøtet	23.03.2023
Offentleg ettersyn	30.03.2023 - 18.05.2023
2.gongsbehandling i planutvalet	31.08.2023, sak 070/23
Vedtak i kommunestyret	14.09.2023, sak 057/23

1. Føremålet med planen

Føremålet med planarbeidet er å regulere areal til gang- og sykkelveg for å betre trafiksikkerheita og framkomsten for gåande og syklande langs rv. 41 frå Kvitsund til Kviteseid sentrum. Tiltaket inneber òg etablering av vatn- og avlaupsanlegg. Utbetring av Kviteseidkrysset, tilpassing og ombygging av avkøyrslar langs strekninga, samt overvasshandtering inngår også i planarbeidet. Området regulerast til fylgjande føremål jf. plan- og bygningsloven:


Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

	Bustader (1110)
	Tenesteyting (1160)
	Barnehage (1161)
	Helse-/omsorgsinstitusjon (1168)
	Bustad/forretning/kontor (1802)
	Bustad/kontor (1804)
	Forretning/kontor (1810)
	Energistasjon/vegserviceanlegg/servering/rasteplass (1800)




Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

	Veg (2010)
	Køyeveg (2011)
	Fortau (2012)
	Gang-/sykkelveg (2015)
	Annan veggrunn - grøntareal (2019)
	Kollektivhaldeplass (2073)



Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)

	LNFRareal for nødvendige tiltak for LNFR (5100)
---	---

Omsvnszoner (PBL2008 §12-6)

	Sikringszone - Frisikt (140)
	Faresone - Ras- og skredfare (310)
	Faresone - Flaumfare (320)

Føresegningsområde (PBL2008 §12-7)

	Føresegningsområde - Anlegg- og riggområde
	Føresegningsområde - Kulturminne

Juridiske linjer og punkt PBL2008

-----	Sikringssonегrense - Frisikt (140)
-----	Føresegningsgrense - Anlegg- og riggområde

Juridiske linjer og punkt felles for PBL 1985 og 2008

— — — —	Planen si avgrensning
-----	Faresonegrense
-----	Formålsgrense
-----	Regulert tomtegrense
z - - - z - -	Eigedomsgrense som skal opphevast
— — — —	Byggegrense
-----	Bygninger som inngår i planen
[- - - -]	Bygninger som skal fjernast
-----	Regulert senterlinje
	Stenging av avkjørsel
↔	Avkjørsel

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Generelt

- a) Reguleringsplanen består av reguleringsplankart og føresegner. Plankart er nummerert frå R001-R004.

2.2 Kulturminne (§ 12-7 nr.6)

- a) Om det under anleggsarbeidet innanfor planområdet blir støytt på automatisk freda kulturminne, skal ein stoppe arbeidet snarast i den grad det vedkjem kulturmiljøet. Kulturvernmyndigheita (Vestfold og Telemark fylkeskommune) skal straks varslast om funn jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.2 Støy (§ 12-7 nr.3)

- a) Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) skal ligge til grunn for gjennomføring av planen. Det gjeld òg støy i anleggsfasen.

2.3 Avkøyrslar

- a) Det skal opparbeidast nye åtkomstveggar føre stenging av eksisterande. Eigedommar som blir berørt i anleggsfasen skal sikrast køyreåtkomst.

2.4 Offentleg formål eller fellesareal (§ 12-7 nr.14)

- a) Areal med eigarform o_ er offentleg. Areal med eigarform f_ er felles for fleire eigedomar. Arealformål utan eigarform er private.

2.5 Handtering av matjord

- a) Matjord innanfor anleggsområdet skal takast vare på og nyttast til attendeføring av område til dyrka mark, forbetring av allereie dyrka mark eller nydyrking.
- b) Krav til handtering av matjord styrast gjennom prosjektets ytre miljø plan. Denne skal sendast til kommunen for gjennomsyn før anleggstart.

2.6 Byggegrenser

- a) Byggegrenser jf. Veglova er gjeldande i planområdet med unntak for område der annan reguleringsplan har fastlagt annan byggegrense.

2.7 Universell utforming (§12-7 nr. 4)

- a) Utforming av offentlege trafikkområde skal fylle krav til universell utforming.

2.8 Plan for ytre miljø

- a) Plan for ytre miljø (YM-plan) skal utarbeidast i samsvar med rettleiar frå Statens vegvesen.

2.9 Bygningar som er forutsett rive

- a) Bygningar som er forutsett rive for å kunne gjennomføre tiltaket:

Gnr./Bnr.
36/34,39
38/99
38/52
38/54
39/22

2.10 Vatn og vassdrag (§12-7 nr. 2)

- a) Vegetasjonsbelte, som motverkar avrenning og som gjev leveplass for planter og dyr, langs vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast så langt som mogeleg. Ved forringing skal det reetablerast med stadeigne massar.

2.11 Ureina grunn (§12-7 nr. 3)

- a) Om det under anleggsarbeidet blir avdekt ureina grunn, skal ansvarleg myndigheit varslast, jf. Ureiningslova §7.
- b) Det må takast prøver av grunnen der det tidlegare har stått bensinstasjon, temaet blir fylgt opp i YM-plan. Eventuelle forureina massar skal skiftast ut og leverast til godkjent mottak.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Bustader (B1-9)

- a) Areal (B1-9) omfattar eksisterande bustadeigedomar og nye areal som regulerast til busetnad. Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen. For bustadområde B1 gnr./bnr. 39/4, 19, 36, 39 gjeld reguleringsføresegnene for Kviteseid sentrum av 02.02.79 (planID 1979002) med unntak av byggegrensa som vist på plankartet.
- b) Det er tillete å føre opp mur, og ev. sikringsgjerde.

3.1.2 Tenesteyting (o_T1)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen (planID 1979002).

3.1.3 Barnehage (o_BH1)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen (planID 1987001).

3.1.4 Helse-/omsorgsinstitusjon (o_HOM)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen (planID 1984001).

3.1.5 Bustad/forretning/kontor (B/F/K)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen (planID 2006005).

3.1.6 Bustad/kontor (B/K)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphøyrer kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eigedomen (planID 1982002).

3.1.7 Forretning/kontor (F/K1, F/K2)

- a) Mellombels bandlegging til anlegg- og riggområde vedkjem området. Når dette opphører kan areala brukast slik det kjem fram av detaljreguleringa som gjeld resten av eidedomen. For F/K1 gjeld Findalen-Lunden (planID 1987001). For F/K2 gjeld Kviteseid sentrum (planID 1979002).

3.1.8 Energistasjon/vegserviceanlegg/servering/rasteplass (EV/SE/RP)

- a) Det er tillete å etablere energistasjon og vegserviceanlegg med ladarar, salslokale, drivstoffpumpeanlegg, vaskehall, servering/kiosk og bygningar/anlegg i tilknytning til det regulerte formålet. Lokalisering av funksjonar vert vurdert i byggesak.
- b) Det kan etablerast trafo innanfor formålet.
- c) Nye tiltak skal ha god bruksmessig, fysisk og estetisk kvalitet. Bygningar skal vera heilskapleg utforma og ha gode arkitektoniske kvalitetar.
- d) Det bør setjast av areal til rasteplass med bord og stolar.
- e) Det er tillete å plassere kunstverk og element/innretningar/mindre bygg/utsiktstårn/anlegg/ installasjonar som framsnakk Kviteseid kommune. Tiltaket må ikkje vera i konflikt med frisiktsoner. Bygningar/konstruksjonar skal ikkje overstige 120 moh.
- f) Det er tillete å føre opp støttemur.
- g) Det er tillete å etablere aktivitetssoner. Arealet skal ha universell tilkomst og ha soner som er tilgjengeleg for alle. Det er tillete å plassere mindre bygg/tårn/anlegg/installasjonar i samband med aktivitetssona.
- h) Ved byggesøknad bør det opparbeidast grønstruktur. Vegetasjon/tiltak må ikkje koma i konflikt med frisiktsoner.
- i) Avkøyringspil frå Midtsundvegen er justerbar, og må tilpassast i detaljprosjektering
- j) Detaljprosjektering skal skje i tett dialog med Statens vegvesen

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Veg (V1-15)

- a) V5-15 er åtkomstvegar frå o_KV1
- b) V1-4 er åtkomstvegar frå o_KV2
- c) V4 og V5 må byggast ut samstundes med krysset.
- d) Vegane kan asfalterast og kan lyssettast.
- e) I anleggsfasen skal det sikrast nødvendig åtkomst til berørte eigedomar.

V	Tilkomst til
o_V1	Selandsvegen
f_V2	39/29, 39/30, 39/31
o_V3	Midtsundvegen
V4	39/19, 39/4, 39/36, 39/39
V5	39/23
o_V6	Granlivegen
f_V7	38/20, 38/87, 38/88, 38/89
f_V8	38/28, 38/52
V9	38/27
f_V10	Tveitanvegen
f_V11	38/58, 36/25, 36/44
f_V12	38/45, 36/8, 36/27, Stålandsvegen
f_V13	36/51, 36,52, 36/47, 36/27
f_V14	36/34,39, 36/32
f_V15	36/31, 36/18, 36/1

3.2.2 Køyreveg (o_KV1, o_KV2)

- a) Vegen er eigd og blir vedlikehalden av det offentlege.
- b) I areala inngår køyrebane, skulder og breiddeutvidingar.

3.2.3 Fortau (o_FO1)

- a) Fortau er offentleg og skal opparbeidast som vist i plankartet.
- b) Det skal leggjast fast dekke, og det skal etablerast gateljos.
- c) Kantstein skil areal frå o_KV2 og ved avkøyringar skal denne vera nedfelt.

3.2.4 Gang- og sykkelveg (o_GS1, o_GS2)

- a) Gang- og sykkelveg er offentleg og skal opparbeidast som vist i plankartet.
- b) Det skal leggjast fast dekke, og det skal etablerast gateljos.

3.2.5 Anna veggrunn – grøntareal (o_AVG, f_AVG, AVG)

- a) Offentleg, felles og privat vegareal
- b) Areala skal nyttast til grøft, mur, fylling, skjering og snødeponi.
- c) Det er tillete å tilpasse tilkomstveg til bustader innanfor arealformålet. V4 kan forlengast til gnr./bnr. 39/4, 39/36 og 39,39 innanfor o_AVG.
- d) Fylling og skjering skal vera revegetert.
- e) Innanfor området er det tillat å oppføre gjerde/rekkverk og plassering av tekniske installasjonar i tilknytning til veganlegget.
- f) Det er høve til å setje opp leskur i tilknytning til o_KH1 og o_KH2

3.2.6 Kollektivhaldeplass (o_KH1, o_KH2)

- a) Areala omfattar kantstopp for buss.
- b) Areala skal vera universelt utforma.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1 LNFR areal (LNF1-9)

- a) Omfattar areal som blir nytta til mellombels bygge- og anleggsområde.
- b) Området skal tilbakeførast til opprinneleg arealbruk.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisiktsoner (H140)

- a) Frisiktsoner er vist på plankartet. Innanfor siktsonene skal det ikkje vera ev. sikthindringar høgare enn 0,5m over tilstøytane vegbane.

4.1.2 Flaumfare (H320)

- a) Faresona syner sona for 200 års flaum med 50 % klimapåslag for hendingar med varigheit mindre enn ein time, og 40% for hendingar mellom 1-3 timar
- b) Kantvegetasjon innanfor flaumsona skal oppretthaldast, og det skal ikkje etablerast tiltak og installasjonar som kan ta skade av flaum.
- c) Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering av kvart enkelt bekkekryssing, der òg forsterkning/erosjonssikring ved utløpa skal undersøkjast.

4.1.3 Skredfare (H310_1, H310_2)

- a) Det er vurdert skredfare for sikkerhetsklasse S1 for skred i bratt terreng og for nominell årleg sannsynlegheit $\geq 1/100$. Faresona er gjeldande for flaumskred og jordskred.
- b) Det skal gjennomførast sikringstiltak i faresona. Aktuelle tiltak er etablering av kulvertar for rask transport/evakuering av skredmassar, og erosjonssikring av lausmasseskråningar.
- c) Faresone for jordskred (H310_2) er det naudsynt å erosjonssikre. Erosjonssikring må vidareførast heilt opp mot overgangssona der terrenget flatar ut. Sikringstiltak må detaljprosjekterast.

5. Føresegner til føresegsområde

5.1 Mellombels bygge- og anleggsområde (pbl § 12-7 nr. 1)

5.1.1 Område 1

Område med skravur for mellombels anleggs- og riggområde kan i anleggsfasen nyttast til verksemd som er nødvendig for anleggsdrifta. Mellombels anleggs- og riggområde avsluttas når tiltaket er ferdigstilt, og arealet går attende til underliggjande føremål. Kommunen skal gjera vedtak om avslutning av mellombels bygge- og anleggsområde, jf. pbl §12-7, 1. ledd nr. 10, når dei har fått skriftleg melding om at anlegget er ferdigstilt.

Området skal sikrast og framstå ryddig. Anleggs- og riggområde skal tilbakeførast til opprinneleg stand når anleggsfasen er over, og seinast eitt år etter at anlegget er ferdigstilt.

5.2 Føresegsområde #2, #3

- a) Dei ramma automatisk freda kulturminne, kokegrop med Askeladden-ID 299377 og dyrkingslag med Askeladden-ID 299379 som er markert som føresegsområde nr. 2 og 3 i plankartet (R001) kan fjernast utan vidare undersøkingar

6. Rekkjefylgjeføresegner

6.1 Massehandteringssplan

Før byggearbeid blir sett i gang skal det utarbeidast ein massehandteringsplan som syner kor og korleis ein skal disponere overskotsmasser frå planområdet. Det må gjerast greie for handtering, mellomlagring og tilbakeføring av massar.

6.2 Frisikt

Frisiktsoner i vegkryss og avkøyrslar mot veg skal sikrast før o_GS1, o_GS2, o_FO1, o_KH1 og o_KH2 blir tatt i bruk.

6.3 Avkjørselssanering

Avkøyrslar som er vist stengt i plankartet, skal sanerast etter kvart som gang- og sykkelveg og nye åtkomstveggar blir bygt/utbetra.